



Bokomtale

Trulsson, Ylva Hofvander & Houmann, Anna (red.) (2015). *Musik och lärande i barnets värld*. Stockholm: Studentlitteratur.

Omtalt av Guro Gravem Johansen¹

Boka med tittelen *Musik och lärande i barnets värld* er ein antologi gjeve ut på det svenske forlaget Studentlitteratur. Ylva Hofvander Trulsson og Anna Houmann har redigert boka, som innheld kapitlar skreve av eit internasjonalt knippe pedagogar og forskarar med bakgrunn frå ulike felt i skjeringspunktet musikk og barn.

Boka tek sikte på å belyse kva som stimulerer barn musikalske læring, og korleis pedagogar kan skape moglegheiter for kreativitet, leikelyst og oppdagarglede gjennom musikk. Ho er mynta på lærarstudentar og førskole- og grunnskolelærarar.

Skapande aktivitetar, som det å leike, fantasere, teikne og synge, blir holdt fram av redaktørane som eit ideal for pedagogikken på førskole- og småskoletrinnet. Men, spør dei, kjenneteiknast den praktiske pedagogikken av at det skapande er i fokus? Eller kan det vere slik at pedagogar seier ein ting og gjer noko anna? I så fall er ein måte å møte dette problemet på å gjere som denne boka, det vil seie å vise fram praksisar og erfaringar frå barnehage og skole der musikk og skapande aktivitetar står sentralt, utan at redaktørane ønsker å framstille desse praksisane som dei einaste moglege. Trulsson og Houmann legg til grunn for bokprosjektet at musikk er eit kommunikasjonsmiddel som gir glede og sett fokus på barn og unge sine eigne liv og deira identitet.

Første del av boka rommar kapitlar som tek føre seg grunnlagsproblematikk, under paraplyen ”Varför musik och kreativitet?”. Her finn vi eit kapittel om kreativ musikkundervisning skreve av Pamela Burnard. Stina Abrahamson og Stina Wennberg har skreve om eit svensk grunnskoleprosjekt dei kalla ”Rösträtt”, Ylva Hofvander Trulsson har forfatta eit kapittel basert på doktoravhandlinga si om musikken si tyding for integrasjon sett frå perspektivet til innvandrarforeldre, Anna Houmann skriv om plass for kreativitet i skolen, og Ulla Wiklund skriv om estetiske læreprosessar og det allmenne musikkfaget i skolen i kapitlet ”Musikk för alla barn?”.

¹ Norges musikhøgskole, Postboks 5190 Majorstua, 0302 Oslo. E-post: guro.g.johansen@nmh.no

Denne delen av boka opplevast noko ujamn, både fordi kapitla har varierande kvalitet seg i mellom, og fordi mandatet og avgrensinga til dei respektive kapitla dels er vanskeleg å skille frå kvarandre. Det er til dømes to kapitlar om kreativitet i skolen, av høvesvis Burnard og Houmann, som verkar å kome i ein tilfeldig rekkefølge i høve til dei andre temaa. Burnard er ein anerkjend britisk forskar med omfattande forskning rundt barn, musikk og kreativitet bak seg. Dessverre gir dette første kapitlet boka ei landing på kulen når ein kanskje ventar ein skikkeleg hoppsats. Det er ustrukturert og fullt av flosklar og ukritiske normative utsegn der ”kreativitet” og ”kreativ musikkundervisning” blir tomme honnorord, utan at vi får ein skikkeleg grenseoppgong mellom når det er *eleven* som er kreativ (undervisning *for* kreativitet) og når det er læraren som er kreativ (kreativ undervisning). Det vil seie, definisjonane på desse to aspekta nemnast mot slutten av kapitlet, noko som for det første er lovleg seint, og for det andre verkar det ikkje som forfattaren har forholdt seg til denne todelinga i resten av teksten. Resultatet blir i alle fall ei oppleveling av å ha lest ein vekkelsestekst der forfattaren forsøker å frelse framfor å opplyse.

Desto betre er det når Houmann, ein av redaktørane, tar temaet kreativitet fatt. Hennar kapittel er ryddig, omgrep blir definert og forfattaren gir både ei teoretisk ramme og konkrete dømer på korleis skolen sin fysiske utforming og andre rammefaktorar bidreg eller hemmar skapande arbeid.

Interessant er det at kapitlet til den andre redaktøren, Trulsson, er eit av dei mest interessante og godt skreve kapitla i boka. Som nemnd tar ho føre seg musikkundervisning og integrering, gjennom å gjere rede for ein studie der ho intervjuer skånske innvandrarforeldre til barn som mottok instrumentalundervisning. Teksten blir løfta opp på eit overordna nivå gjennom bruk av analyseomgrep frå sosiologen Bourdieu, samstundes som greier Trulsson å formidle forskningsfunna og konklusjonane på ein nærliggjengjennbar måte. Eit lærerikt og tankevekkande kapittel som tematiserer utanforskap og identitet.

Eit kapittel som derimot ikkje kan seiast å vere løfta ut av sin spesifikke samanheng, er det som har tittelen ”Rösträtt – barns rätt til musik på barns vilkår”. Utfrå tittelen åleine kan ein tenke seg til at *rösträtt* (stemmerett) er ein metafor for retten til å (lære å) bruke songstemmen sin. Utover at kapitlet verkar å beskrive eit prosjekt som har funne stad i Sør-Sverige, får lesaren svært lite informasjon om kva dette prosjektet har hatt som føremål og korleis det blei gjennomført. Kapitlet framstår som ein intern rapport utan særleg forklaring mynta på utanforståande. Synd, for eg skulle gjerne likt å vite hvert fall noko substansielt om eit prosjekt med ein så spennande tittel.

Ettersom kreativitet, kva det no måtte vere (det får vi ikkje særleg svar på i denne boka), er bruka som omdreいingspunkt i høve til barn og musikkunderundervisning, saknar eg ei problematisering både av omgrepet som sådan og av bruken av det i samband med barn og læring. Tar ein for gitt at musikkundervisning essensielt *er* kreativ i sin natur? Og *bør* den alltid vere det? Kan ein sjå for seg musikkaktivitetar som har verdi utan at barna forventast å skulle skape noko sjølv heile tida? Slike spørsmål meiner eg det er betimeleg å stille, men dei avhenger av at ein opererer med klare omgrep om kreativitet og skaping. Mangelen på både klare omgrep og ei kritisk problematisering av dei kan nok derfor henge saman.

Den andre delen handlar om musikk og læring, under overskrifta ”Hur kan musik och lärande se ut?”. Denne delen framstår med langt jamnare fagleg tyngde enn del 1 (som nemnd med unntak av redaktørane Trulsson og Houmann sine bidrag). Ingeborg Lunde Vestad har skrevet om korleis småbarn skapar mening og tilhøyre utfrå sentrale musikalske augeblinkar, basert på eige doktorgradsarbeid. Dette er solid, nyansert og interessant. Anna Ehrlin skriv om musikk i førskolen, og drøftar musikk som mål eller reiskap – det vil seie den gode gamle ”til” eller ”gjennom”-

problematikken. Bortsett frå at diskusjonen kanskje er litt utdatert, høyrer vel slike spørsmål til grunnlagsproblematikken i musikkpedagogikken, og kunne vore behandla i boka sin del 1. Ylva Holmberg har studert aktørskap hos barn i musikkstunder, Edel Sanders drøftar korvidt læring i musikk kan hjelpe barn med å forstå matematikk, og Helga Rut Gudmundsdottir har skrive eit interessant avslutningskapittel om musikalsk kompetanse hos spedbarn. Utgangspunktet hennar er at musikk er eit kommunikativt språk (eit perspektiv vi kjenner frå Trevarthen), og ho har studert korleis ein ut frå eit slikt perspektiv kan kartlegge musikalsk persepsjon heilt i starten av livet.

Del 2 av boka opplevast noko meir fangande og interessant, kanskje fordi ein her har sluppe til forfattarar spesialfelt, og som av den grunn har tilført sine respektive bidrag eit tydelegare fokus. Samstundes er det også her tematikkar som går over i kvarandre. Dei kunne med fordel kunne vore meir avgrensa kapitla mellom, samt at rekkefølgen av kapitla kunne vore meir gjennomtenkt med tanke på å forbetra den overordna strukturen i boka. Konklusjonen må likevel bli at til tross for at redaktørkniven kunne vore brukta på ein noko kvassare måte, rommar boka så mange interessante – og for praksisfeltet, nye – tematikkar, at ho definitivt er verd å lese.